

Godt år for båtlaget, Rolf Myklebust ny leiar

26.02.2009



Fire av dei fem i det nye styret: Frå venstre Tor Edward Taranger, Rune Myklebust, Rolf Myklebust og Leif Jarle Bergstø. Frode Ludvigsen var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)

2008 var eit godt år for Uskedal Båtlag var konklusjonen i årsmeldinga som vart presentert for årsmøtet på Stemneplasen torsdag.

Der vart Rolf Myklebust vald til ny leiar etter Frode Ludvigsen, som hadde fråsagt seg attval. Men han held fram i styret, som kasserar.

Dei andre i styret er Tor Edward Taranger, Rune Myklebust og Jarle Bergstø.

Båtlaget fekk i fjar ein tredjepllass i den landsomfattande kåringa av beste båthamn og talet på gjestebåtar var 1.150. Båtlaget har fått mykje skryt av gjestane. Ordninga med å bruka skule-elevar som hamnevertar fungerte bra i fjar slår årsmeldinga fast.

Dei nye hamnesjefane Rolf Myklebust og Jarle Bergstø er fornøgde med den dugnadsinnsatsen som vart gjort i 2008, men det er alltid plass til fleire dugnadsfolk. Det største løftet som vart gjort i fjar var opprusting av det elektriske anlegget i heile hamna. Det er også bytta til sparepærer og gjort en del arbeid på dei nye flytebryggjene, der det no har kome vatn og straum.

Årsmøtet vedtok samrøystes å redusera talet på dugnadstimer pr. medlem som i fjar var fem på grunn av store arbeidsoppgåver. Reduksjonen er til tre timer.

Før den nye båtsesongen må slippen overhalast i tillegg til den vanlege vårpussen.

Under årsmøtet vart økonomien karakterisert som god. Rekneskapen viste eit årsresultat på 149.693 mot 181.097 i 2007. Driftsinntektene var i 2008 342.070 kroner mot 504.099 året før, men det hadde mellom anna samanheng med at dieselsalet vart overført til SPAR.

Terje Gravdal hadde kome med eit framlegg for årsmøtet om auke av betalingsgrensen ved sal (attendelevering) av båtplassar frå 40.000 til 49.500 kroner. Han viste til at båtplasane i det nye flytebryggearanlegget vart selde for 50.000 kroner og at dei som kjøpte kunne løysa inn båtplassen for 40.000 kroner.

- Det står folk i kø for å få båtplass, skreiv han.

Årsmøtet vedtok samrøystes å auka betalingsgrensen til 45.000 kroner.

Det vart også drøfta om det igjen skal haldast "bryggjedans" i juni i samarbeid med Aktivitetshusets Damevenner. Avgjerd om dette må takast snart av omsyn til planleggjiring og marknadsføring.

Av Ola Matti Mathisen